



Adresseliste

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Dispensasjon frå forskrift om svarthalespove som prioritert art

Fylkesmannen gjev med dette dispensasjon frå forbodet mot slått i hekkeområde for svarthalespove på din eigedom i år. Vedtaket er grunngjeve med at det ikkje er mogleg å gje kompensasjon for tap, det er ikkje fastsett kriterium for kva ein reknar som vesentleg vanskeleggjering og tap, og det er straks tid for normalt tidspunkt for grasslått i området. Vi oppfordrar samstundes til å ta mest mogleg omsyn til svarthalespovar i hekkeområda på din eigedom.

Kort tid etter informasjonsmøte om forvaltning av svarthalespove på Klepp i januar i år fekk Fylkesmannen beskjed frå Miljøverndepartementet (MD) at vi måtte innstille vårt forslag til kompensasjonsordning for utsett slått. Finansieringsordninga for skjøtselstiltak for prioriterte artar dekker ikkje reine kompensasjonsordningar.

Vi har fått beskjed om at MD ville sende brev til oss med føringar for forvaltning etter forskrifta, men har så langt ikkje mottatt det. Den korte tida fram mot normalt tidspunkt for første gongs slått gjer at vi med dette gjev dispensasjon frå forbodet mot slått fram til 15.juli til eigedommar med registrert hekkeaktivitet. Alle eigedommar produserer gras i hekkeområda.

Vedtaket om dispensasjon er heimla i Forskrift om svarthalespove (*Limosa limosa*) som prioritert art, fastsett ved kongelig resolusjon 20.mai 2011, §8, jf naturmangfaldlova §24. Dispensasjonen gjeld forskrifta §4, 3. ledd, som seier at slått før 15. juli, drenering av våtmark og nydyrking er forbode i det økologiske funksjonsområdet til svarthalespoven. Økologisk funksjonsområde tilsvarar hekkeområdet. Det er ikkje gitt dispensasjon frå forskrifta §3, jf vedlegg.

Hekking av svarthalespove er vanskeleg å stadfeste, og det er ikkje før i slutten av mai vi kan vere rimeleg sikre på avgrensing av hekkeområde. På grunn av det, og i påvente av brev frå MD har vi difor ikkje tidlegare meldt frå om hekkeadferd på din eigedom. Du har difor heller ikkje hatt høve til å søke om dispensasjon frå forskrifta. Som følgje av det vil vi gje dispensasjon utan at det ligg føre søknad i år.

Vedlagt kart syner omtrentleg hekkeområde for svarthalespove på din eigedom i år. Det er og angitt på kartet anslått tal på par innafor kvart hekkeområde.

Slåtten vil truleg ta livet av det aller meste som måtte vere der av ungar, eller rovdyr/fuglar vil ta eventuelle overlevande ungar når dei ikkje lenger har høgt gras å gjømma seg i etter slått. Vi vil likevel oppfordra til å ta mest mogleg omsyn ved slått – til dømes med å skru opp slåmaskina mest mogleg. Eit anna grep ein kan gjere er å starta slåtten sentralt i hekkeområdet og sirkla seg utover i staden for å sirkla seg innover. Vi stiller gjerne opp i slåtteeområdet for å bidra til ein best mogleg tilpassa slått dersom vi får beskjed i rimeleg tid før aktuelt slåttetidspunkt. På det viset kan det kanskje vere håp om å få berga eit fåtal ungar.

Vi vil koma tilbake til korleis svarthalespoven kan forvaltast etter at vi har mottatt brev frå MD. Vi må og sjå nærare på om det kan vere råd å finne alternative økonomiske ordningar.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsljef

Anders T. Braa
viltforvalter

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Anders T. Braa
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 14
E-post: anders.braa@fmro.no

Vedlegg:

- Kart med omtrentleg hekkeområde
- Forskrift om svarthalespove som prioritert art

Adresseliste:

Trond Kristian Refve, Nordsjøvegen 502, 4352 Kleppe
Kjell Harald Horpestad, Nordsjøvegen 1033, 4343 Orre
Jon Tore Refve, Nordsjøvegen 570, 4352 Kleppe
Thor Refve, Nordsjøvegen 520, 4352 Kleppe
Lene Kristin Skadsem, Nordsjøvegen 970, 4343 Orre
Frode Normann Vatne, Nordsjøvegen 1051, 4343 Orre
Solveig Marie og Martin Skadsem, Nordsjøvegen 1024, 4343 Orre
Trond Ingve Ellingsen, Orrevegen 700, 4343 Orre

Kopi utan vedlegg (pr epost):

Advokat Toralv Haver
Miljøverndepartementet
Direktoratet for naturforvaltning